

Kvalitetsmelding 2024/2025

Innhold

1. Innleiing.....	3
2. Opptakskvalitet.....	4
3. Rammekvalitet	5
4. Programkvalitet.....	7
5. Undervisningskvalitet.....	7
7. Relevanskvalitet.....	11
8. Styringskvalitet	15
9. KPI 2025	18
10. Oppsummering.....	19
11. Satsingsområde for 2026.....	19
12. Vedlegg - Tabellar frå samordna opptak.....	20

1. Innleiing

Fagskulen Vestland sitt kvalitetsutviklingssystem beskriv korleis fagskulen skal arbeide med kvaliteten i utdanninga. Systemet er vedteke av styret, og kvalitetsmeldinga er fagskulen sin melding til styret om korleis vi vurderer kvaliteten i utdanningane, og korleis vi vil arbeide for å betre kvaliteten. Grunnlaget for å seie noko om kvalitet i utdanningane hentar vi vanlegvis frå det årlege studiebarometeret som NOKUT gjennomfører, og egne undersøkingar mot tilsette og arbeidsliv. Sidan NOKUT ikkje har hatt Studiebarometer i år, har Rambøll handtert spørjeundersøkinga som vi har kalla Studieundersøkinga som erstatning for Studiebarometeret, med same spørsmålsgrunnlag som Studiebarometeret. Studentane si vurdering byggjer på svara deira i Studieundersøkinga, der svarprosenten var 30 % med totalt 587 svar. Det er ein nedgang frå i fjor då det var på 55 %. Lærarundersøkinga har blitt gjennomført av oss.

Kvalitetsmeldinga tek føre seg syv områder som har innverknad for studentane sin læringsbane og reise gjennom utdanninga. Desse områda er opptak, ramma for utdanningane, programmet studentane følgjer, undervisninga dei får, kva resultat eller læringsutbytte studentane oppnår, relevansen for yrkeslivet og til slutt korleis kvalitetsarbeidet vert styrt.

På bakgrunn av kvalitetsmeldinga for 2023/2024 vedtok styre følgjande kvalitetsmål for 2024/2025:

1. Auke søkjartala med 10 %
2. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skåre på 4,0
3. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer skal ha ein skåre på 4,0 i studiebarometeret
4. Sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp. Dette skal ha ein minimumsskåre på 4,0 i studiebarometeret
5. Auke studiepoengproduksjonen med 5 %

Kvalitetsmåla vil verte omtala innan dei ulike kvalitetsområda i høve til måloppnåing.

Kvalitetsprisen 2025

Fagskulen Vestland vart tildelt Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning i 2025 for tiltaket "Stordmodellen", som bygger på eit langvarig og målretta samarbeid mellom Fagskulen Vestland og industrimiljøet på Stord. Modellen gir fagarbeidarar eit skreddarsydd utdanningstilbod som både er praksisnært og relevant, samstundes som regionen får tilgang på kritisk teknisk kompetanse i ei tid prega av grøn omstilling og endra produksjonsvilkår.

Dette er ein høgthengande pris, på 1 million kroner, som blir delt ut av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) ein gong i året. Prisen skal påskjone framifrå arbeid med utdanningskvalitet i norsk høgare yrkesfagleg utdanning og stimulere sektoren til systematisk arbeid med å vidareutvikle kvaliteten. Juryen framheva at Stordmodellen bidrar til framifrå, oppdatert og yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning og at tiltaket representerer eit innovativt og svært vellukka samarbeid mellom utdanning og industri, som styrker kompetanse, verdiskaping og regional utvikling.

Prisen er ein viktig anerkjenning av kvalitetsarbeidet ved Fagskulen og vårt arbeid for å gjere læring relevant, praksisnær og framtidsretta. Fagskulen Vestland (tidl. Hordaland) har vunne prisen ein gong før, i 2020, for prosjektet "Eg e-lærer".

2. Opptakskvalitet

Årleg lyser fagskulen ut studietilbod nasjonalt gjennom Samordna opptak, og kurs og kortare utdanningar lokalt via eigne system.

Desember 2023 gjorde styret ved Fagskulen Vestland vedtak om å lyse ut 32 studiar i Samordna opptak våren 2024. Det vart gjort nokre endringar i forhold til året før:

- Spesialreinhold endra namn til sterilforsyning og smittevern i helsetenesta
- Nye studium i 2024 var grøn omstilling i byggenæringa, demensomsorg og psykisk helsearbeid for eldre og pommelierutdanninga.

Fagskulen Vestland lyste våren 2024 ut 1014 studieplassar i Samordna opptak, og fekk 2271 søkjarar. Skulen gav 1276 tilbod, 888 vart akseptert, og av desse møtte 813 til studiestart. Året før var det 2115 søkarar, 1274 tilbod og 816 møtt til studiestart. Data frå samordna. Sjå vedlegg 1 og 2.

Det var satt som mål å auke talet på søkjarar med 10 %. Frå opptaket i '23 til '24 auka talet på søkjarar med 7,4 %. Eit eksempel på godt lokalt resultat er Austevoll, som har auka Studenttalet med 28 % samanlikna med førre år jf. studiestadsmeldinga, altså godt over måletalet på 10 %.

I 2024 var det 388 søkjarar som fekk tilbod og ikkje valde å takke ja til studiet. Dette er vanskeleg å si kvifor så mange velde og ikkje takke ja til tilbod ved Fagskulen Vestland. Men vi må forvente en viss mengde fråfall da studentane ofte er eldre med jobb, familie og er i endring. Det er derfor viktig på enkelte studiar å overboka meir enn andre studiar. Her er det viktig med erfarings basert statistikk sjølv om det kan varierer frå år til år. Det var planlagt 1014 studieplassar kor det var 813 kandidatar som møtte til studiestart. Fagskulen Vestland stod da igjen med 201 plasser som ikkje ble brukt i forhold det det som blei planlagt.

Fagskulen Vestland hadde ei auke i førsteprioritetssøkjarar på 13,7% etter hovudopptaket i 2024, kor automatisering, elkraft og dei maritime utdanningane hadde særleg god søknad. I 2023 var det ein nedgang i førsteprioritetssøkjarar med 9%, medan i 2022 var nedgangen 2%, og i 2021 var han 6%.

Ved den demografiske fordeling var det til saman 1670 mannlege studentar og 260 kvinnelege studentar ved Fagskulen Vestland hausten 2024. Det var 20 studentar som var under 20 år, 1135 som var mellom 20 og 29 år, 495 som var mellom 30 og 39 år, 205 som var mellom 40 og 49 år og 70 som var over 50 år. Data frå DBH.

Det var hausten 2024 registrert inn 180 kandidatar med realkompetanse, 1740 kandidatar med fagbrev/yrkeskompetanse og 5 kandidatar med generell studiekompetanse ved Fagskulen Vestland. Data frå DBH.

I tillegg til hovudopptaket i Samordna opptak lyste skulen ut lokalt opptak av kurs og kortare utdanningar innan blant annet Industrifagskulen og bransjeprogram. Følgande kurs og kortare utdanningar vart lyst ut i 2024:

Kurs, korte utdanningar	Studiepoeng	Takka ja til plass
Robotteknologi og digital produksjon (Odda)	10	For få studentar til å starte opp
EX-elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege områder (Nordnes)	10	46
Min Arbeidsplass (Florø/nett)	10	24
EX-elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege områder (Stord/Bryne)	10	27
Prosjektplanlegging for leverandørindustrien (nett)	10	18
Energirådgevar (Førde)	10	27
<u>Enkeltemne</u> – yrkesutøving og tenestetilbod på studiet Rehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi	10	4
<u>Enkeltemne</u> - velferdsteknologi	10	3
Pommelier	30	17
Leiing i havbruksoperasjonar	30	16

Det var ikkje meldt inn klager vedkomande opptak i 2024.

Skulen opplever ein aukande konkurranse med mange andre tilbydarar av tilsvarande utdanningstilbod, og vi må arbeide meir systematisk med både kvaliteten i utdanningane, studietilbod og synlegheita av utdanningane våre for å nå måla våre. Fagskulen ynskjer å rekruttere studentar med høg motivasjon og gjennomføringsevne.

3. Rammekvalitet

I skuleåret 2023/24 var det om lag 146 pedagogisk tilsette ved fagskulen som er fast tilsett. Tala har ikkje endra seg nemneverdig i 2025. I tillegg til dette er det nokre årsverk gjennom engasjement og innleige. Det er høg og variert kompetanse blant dei tilsette, og berre eit fåtal har ikkje godkjent pedagogisk utdanning.

Stillingsnemning	Del tilsette 2024
Lektor m/tilleggsutdanning	32 %
Lektor	12 %
Adjunkt m/tilleggsutdanning	37 %
Adjunkt	12 %
Lærer u/ped.	7 %
Totalt	100 %

I høve til overordna tilfredsheit gir studentane ein skår på 3,8. Dette er 0,1 poeng under resultatet i 2023/2024, og syner såleis ein liten nedgang. I år har vi ikkje noko landsgjennomsnitt å samanlikne med. Spørsmåla om kor tilfreds studentane er med både det sosiale og faglege miljøet var dei som skilte seg mest positivt ut her i fjor samanlikna med det nasjonale gjennomsnittet. I år skårar det sosiale miljøet like høgt, med 4,1.

Når det gjeld rammekvalitet er det interessant å sjå på kor tilfreds studentane er med mellom anna bruk av utstyr ol. i undervisninga og tilfredsheit med læringsmiljøet. I høve til bruk av utstyr i undervisninga er det spørsmål i studiebarometeret om i kva grad ulikt utstyr vert nytta i undervisninga. Det er i hovudsak spørsmål om bruk av simulatorar og

laboratoria i spørsmålsbatteriet, og det er ei stor del som svarar at det ikkje vert brukt eller lite brukt. Dette kan forklarast med at simulatorar og laboratoria ikkje er nytta ved alle utdanningane fordi dei ikkje er relevante. I høve til bruk av simulator ser ein til dømes ved dei maritime utdanningane, som i Austevoll og Nygård, at biletet er annleis, og at studentane svarar at simulator vert nytta mykje i undervisninga. Men i dei maritime utdanningane på Måløy svarar dei at det berre blir noko brukt.

Vidare vert det stilt spørsmål om bruken av digitalt utstyr i undervisninga. Både på spørsmål om studentane opplever at dei vert aktivt involvert i undervisninga ved bruk av digitale verktøy, og om lærarane har naudsynt kompetanse i bruk av digitalt verktøy gjev studentane ein skår på 3,6 som sist. Vidare gjev studentane ein skår på 3,4 i høve til spørsmål om dei har fått opplæring i bruk av digitale verktøy og program som er relevant for utdanninga. På spørsmål om bruk av digital læringsplattform fungerer godt på studiet gjev studentane ein skår på 3,7. Skåra omtalt i dette avsnittet skulle ha vore noko høgare. Fagskulen har starta arbeid med å digitalisere vurderingsarbeidet, og vil ha eit større fokus på digitale og KI-baserte verktøy framover, noko som vil kome studentane til gode. Skulen lanserer for øvrig KI-assistentar til bruk for både administrativt tilsette, lærarar og studentar.

Det fysiske læringsmiljøet (rom, utstyr, IKT) er blant det som skårar dårlegast. Dette vil variere mellom utdanningane og avhenge av kva studiestad den enkelte lærar underviser. I fjor svarte tre prosent at det fysiske læringsmiljøet er svært lite godt, og 12 prosent at det er lite godt. Dette har forverra seg med ni og 18 prosent. Gjennomsnittsskåren er 3,1, frå 3,3 førre skuleår.

Spørsmål om god og tilstrekkeleg informasjon gjennom utdanningane er også eit sentralt område knytt til rammekvalitet. På spørsmål om informasjon om studiet er lett tilgjengeleg og om kvaliteten på informasjonen om utdanninga er god gjev studentane ein skår på hhv. 3,5 og 3,4. Dette er omtrent det same som året før. Spørsmål om studentane fekk naudsynt praktisk informasjon før studiestart kjem ut med ein skår på 3,2. Og på spørsmål om studentane får god informasjon om eksamen, t.d. gjennomføring og klagemoglegheiter, gjev studentane her ein skår på 3,5. Samtidig ser vi at *alle spørsmåla som blir vurdert lågast totalt, har med kommunikasjon og samhandling å gjere*: naudsynt praktisk informasjon før studiestart, tilbakemeldingar frå lærarane på arbeid, innføring i LUB, studentmedverking på studieinnhald/opplegg, og oppfølging av kritikk og synspunkt frå studentane. Desse spørsmåla kan vere ein indikasjon på ei utfordring. Å sikre god informasjon til studentane både før og under utdanninga er svært viktig for å skape gode rammer for studentane. Vi har jobba mykje med å betre informasjonen til studentane, både med nye heimesider, tydelege retningslinjer og rutinar. Dette arbeidar vi vidare med og ønskjer å undersøkje nærare korleis vi best når ut til studentane med god informasjon. Godt informasjonsarbeid ligg i fleire ledd i organisasjonen.

Studentmedverknad var eit målområde i år. Målet var å sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp, med ein minimumsskåre på 4,0 i studiebarometeret. Dette spørsmålet ligg dessverre heilt på botn med ein skår på 3,2, mot 3,3 i fjor. Og studentmedverknadsområdet totalt har ein skår på 3,3 mot 3,5 i fjor. Det var då 0,2 under nasjonale tal. Eit eksempel er Førde, der skåren stort sett har gått ned i studentmedverknad. Dei nemner i si lokale kvalitetsrapport at dei ikkje lenger har studentråd og spør seg om å oppretta det att vil vere eit av fleire tiltak for å betre dette.

I 2024 arbeida fagskulen med ei stor revidering av studieforskrifta. Denne er no vedteke av styret og kunngjort med ikraftsetjing 1. august 2025, og vil vere eit godt verktøy til å skape betre og føreseielege rammer rundt studenten.

4. Programkvalitet

Programkvalitet er knytt til design av sjølve studietilbodet; studie- og emneplanar, arbeids- og undervisningsformer, og vurderingsformane. Organisering av studieprogrammet har fått ein skår på 3,6 som sist. Jf. måla for 2025 var det å oppnå ein skår på 4, så vi har ikkje kome nærare målet. Ein anna av kvalitetsindikatorane knytt til programkvalitet er studentane sin overordna tilfredsheit med utdanningstilbodet, og den gjennomsnittlege skåren frå studiebarometeret er på 3,8. Dette vart også omtala i høve til rammekvalitet over. Når vi ser på lærarundersøkinga på spørsmål om overordna tilfredsheit med utdanningane er det ein skår på 3,8, som er 0,1 poeng ned frå året før. Overordna ser vi at vi ikkje er nærare målet, men i høve til studentane sin overordna tilfredsheit ser vi nokre forskjellar mellom studiestadene. Studiestadene med dei mest tilfredse studentane er både Hjeltnes og Austevoll med ein skår på 4,4. Den studiestaden med lågast tilfredsheit er Nygård, der det samanlagte tilbodet på Nygård får ein skår på 3,4. Der er det utdanningstilbodet Maskinoffiser på leiarnivå som ligg lågast med ein skår på 3,1. Studiestadene Førde og Voss får ein skår på 4 eller over, medan Nordnes, Måløy og Stord ligg på hhv. 3,6, 3,7 og 3,8. Ved studiestad Stord var tilfredsheita i fjor låg, men no er tilfredsheita der tilbake som før. Leiinga ser ut til å ha løyst utfordringane med godt resultat.

Målet er og at undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformar skal ha ein skåre på 4,0 i studiebarometeret. I høve til vurderingsformer er det generelt gode tilbakemeldingar frå studentane, og vi har oppnådd målet om ein overordna skår på 4. På spørsmål om vurderingsformene krev forståing og resonnement gjev studentane ein skår på 4, og på spørsmål om vurderingsformene har bidrege til fagleg utvikling gjev studentane og ein skår på 4,0. I høve til om vurderingsformane har tydelege kriterier for vurdering og karaktersetting skårar studentane noko lågare, og gjev ein skår på 3,7 som sist. Dette er noko vi vil fortsette å fokusere på i fortsettinga, og arbeidet fagskulen har gjort med ny studieforskrift og studieplanrevisjonane legg til grunn viktige endringar kring tydelege vurderingskriterier. I høve til sjølve studietilbodet vedkomande spørsmål om studentane meiner det er god samanheng mellom emna i utdanninga eller dei ulike delane i studiet gjev studentane ein skår på 3,7.

Når det gjeld kva undervisnings- og arbeidsformer som vert mest nytta ved fagskulen, rapporterer studentane som sist at det er klasseromsundervisning, skriftleg arbeid til innlevering og prosjektarbeid det er mest av. Studiebarometeret seier ikkje noko om studentane er nøgde med dette, men i høve til spørsmål om undervisninga er lagt opp til at studentane skal delta aktivt så gjer dei ein skår på 3,7 som vert vurdert som bra.

5. Undervisningskvalitet

Studentane si vurdering av undervisninga byggjer på svara deira i Studieundersøkinga, der svarprosenten var 30 % med totalt 587 svar. Det er ein nedgang frå i fjor då det var på 55 %. Gjennomsnittsskåren for undervisninga ved skulen er 3,6, det same som i fjor, og framleis litt under målsettinga på 4 eller betre. Det er stor variasjon mellom dei ulike utdanningsprogramma, som sist, då det var skårar frå 2,5 til 4,6. I år ligg det på frå 2,1 til 4,5, med Maskinteknikk på Nordnes, som sist, på botn med 2,1 og helsefaga som både Psykisk helsearbeid og rusarbeid, Sterilforsyning og smittevern og Demensomsorg og psykisk helsearbeid for eldre som sist på topp med 4,5. Austevoll skårar høgast av

studiestadene med 4,3, og Hjeltne og Voss er også innafor målet, med skår på hhv. 4,1 og 4.

Delskåren for "læraren formidlar lærestoffet/pensum på ein forståeleg måte" er 3,6, det er 0,1 opp frå førre skuleår.

Når det gjeld innføring av læringsutbyteskildringar for studiet/emnet, er skåren 3,2, ein nedgang på 0,1 frå førre skuleår. Det er viktig for læringa at det er samsvar mellom undervisning, læringsutbyte og vurdering. Vi har innført Edutorium, som gjer at lærarane og avdelingane har eit meir medvite forhold til læringsutbyteskildringane i studieplanane, og på sikt vil gi ein høgare skår. Nokre utdanningar har ein god innføring i læringsutbyte - andre utdanningar bør ha eit meir medvetent forhold til det. Det er ein variasjon frå 1,9 til 4,4, med Maskinteknikk Nordnes på botn og helsefaga på topp, mot 2,2 til 4,4 i fjor. Maskinteknikk Nordnes har dessverre ein del låge skår i undersøkinga samanlikna med resten av skulen. Motivasjon skil seg positivt ut.

Tilbakemeldingane på kor nøgde studentane er med rettleiing og diskusjon har eit snitt på 3,5, ein nedgang på 0,1 frå førre skuleår. Studentmedverknad er delt i moglegheita til å påverke og korleis innspel frå studentane blir følgde opp. Studentane si vurdering av oppfølginga av innspel har dårlegast skår, med eit snitt på 3,2, som er 0,1 lågare enn i fjor.

Det sosiale og faglege miljøet ved skulen har ein skår på hhv. 4,1 og 4, noko som tyder på at studentane trivst godt. Alle studiestader skårar minst 4, med Hjeltne og Voss på topp med 4,5. Pommelier-utdanninga har toppskår med 4,6 på det sosiale og faglege miljøet.

Med så store variasjonar kan det vere vanskeleg å finne universelle tiltak for skulene. Nokre utdanningar skårar forholdsvis lavt på mange av parameterane, og har større forbettringspotensiale. Andre utdanningar skårar høgt på alle parameter. Kvar enkelt avdeling/utdanning utarbeidar sine eigne handlingsplanar for å forbetre resultata.

Lærarundersøkinga er ei lokal undersøking, slik at vi ikkje har ei nasjonal referanseramme. 76 lærarar har svart på undersøkinga, noko som svarar til 56 %.

Lærarane er stort sett nøgde med kvaliteten på utdanninga, med ei skår på 3,8 som i fjor. Ni prosent av dei som svarar er imidlertid i liten/svært liten grad einige i at kvaliteten er god. Dette talet har auka frå 4 % i fjor. Resten av lærarane svarar «i nokon grad» eller betre. Helse Bergen og Maritim Austevoll er utdanningane som skårar høgast på tilfredsheit med kvaliteten på utdanninga. Maskin/Prosess skårar lågast med 3,4. Vi ser her samsvar mellom lærarundersøkinga og studieundersøkinga i at maskin skårar lågast og helse høgast.

Når det gjeld lærarane si vurdering av rettleiing, skårar dei 3,7 på vurdering av ressursar og rutinar for hjelp og rettleiing.

Innhaldet i utdanninga (lærestoff sett i høve til LUB) skårar 3,8, som er det same som i fjor.

Om lærarane er aktive i å diskutere undervisnings- og vurderingsformer er eit av spørsmåla i undersøkinga, med ei skår på 4,2, som er 0,1 høgare enn i fjor og 0,2 høgare enn året før det.

Samarbeidet med arbeidslivet har ein skår på 3,1. Dette kunne og vore betre. Samarbeidet med arbeidslivet er viktig for fagskulen som skuleslag, og for å ha ei relevant undervising.

6. Resultatkvalitet

Målet har vore å auke studiepoengproduksjonen med 5 %, og det er oppnådd heile 17%.

Tabellen under gjer ein oversikt over produksjon av studiepoeng sett opp mot tal på studentar fordelt på dei ulike studiestadene. Det er ein studentauke på ca. 4 % og ein studiepoengproduksjons-auke på ca. 17 % frå vår 2024 til vår 2025. Frå vår 2023 til '24 er det ein studiepoengproduksjons-auke på ca. 13 %. Det blir produsert mest i vårsemesteret.

Studiestad	Tal studentar			Studiepoengproduksjon		
	Vår 2024	Haut 2024	Vår 2025	Vår 2024	Haut 2024	Vår 2025
Austevoll	40	50	45	1623		1990
Førde	505	480	505	15381		14839
Hjeltnes	35	55	70	1116	580	582
Måløy	50	70	70	2904		4450
Nordnes	915	980	935	23195	1940	32548
Nygård	145	150	145	7562	148	8779
Odda	15					
Stord	50	70	85	2866	290	2194
Voss	65	65	60	1814		1686
Sum	1830	1930	1910	57295	2958	67068

Det kan vidare vere nyttig å samanlikne oss med andre offentlege fagskular når det gjeld produksjon av studiepoeng. Som tabellen under syner er vi tredje største fagskule talt i studentar, men den skulen som produserer mest studiepoeng. En meiner at dette kan ha ein samanheng med at vi er den skulen med flest studentar på heiltid, og at fleire studentar hos oss tar meir enn 10 studiepoengs-emne (større omfang pr. student).

Institusjon	Tal studentar	Studiepoengproduksjon
Fagskulen Vestland	1912	67 068
Fagskolen i Viken	2303	45 722
Fagskolen Innlandet	1811	48 601
Fagskolen Rogaland	1933	29 813,5

Fullførte utdanningar

Våren 2025 var det 710 studentar som fullførte ei utdanning ved fagskulen, mot 600 året før.

Studiestad	2023		2024		2025
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår
Austevoll	25		15		10
Førde	105		160		240
Hjeltnes	0		20		25
Måløy	25		25		15
Nordnes	280	10	260		300
Nygård	50		55		50
Stord	25	20	45		55
Voss	20		20		15
Sum	530	30	600		710

Fordeling gjennomførte vurderingar og resultat

Om ein lesar tabellen under etter normalfordelingsprinsippet vil ein sjå at det er ei normalfordeling med flest C-ar i år, i motsetnad til i fjor kor det var flest B-ar. Der det elles ville fordelt seg ut på dei andre karakterane med færrest på A og F, ser vi at det er færrest på E og F i år som i fjor, og det er bra. I tabellen under er vi ikkje på emnenivå men på studiestad, og det vil sjølvsagt variere frå emne til emne innan dei ulike studiestadane. Eksempelvis har studiestad Førde eit høgare tal på B-ar både i fjor og i år, sett i forhold til studiestad Nordnes som i fjor og i år kanskje ligg nærare den fordelinga ein kan forvente (normalfordeling). Det kan vere mange ulike orsakar til dette, og det kan ein undersøke nærmare.

	Vår 2024							
Studiestad	B	IB	A	B	C	D	E	F
Austevoll	30	5	5	30	30	30	35	15
Førde	45		240	570	380	130	35	5
Hjeltnes			45	95	50	15	10	
Måløy	15		60	70	40	20	5	5
Nordnes	80	10	240	590	625	210	80	30
Nygård	5		55	135	205	130	40	30
Stord	5		10	60	115	40	10	
Voss				20	55	30	15	
Tal vurderte	180	15	655	1570	1500	605	230	85
	Vår 2025							
Studiestad	B	IB	A	B	C	D	E	F
Austevoll	80		25	55	75	55	50	25
Førde	170		245	560	325	115	30	5
Hjeltnes			10	20	15	5		
Måløy	30		40	110	145	100	15	20
Nordnes	145		290	715	1035	370	175	60
Nygård	175		95	230	335	185	90	15
Stord			50	50	55	30	20	

Voss				25	55	30	15	
Tal vurderte	595	0	750	1765	2045	885	400	130

B = Bestått

IB = Ikkje bestått

A-F = karakterskala

Vi har pr. No ikkje tal på fråfall og normert tid. Vi vil arbeide for å auke talgrunnlaget.

7. Relevanskvalitet

Relevanskvalitet skal seie noko om studentane sin kompetanse etter slutført utdanning er relevant for arbeidslivet. Fagskulane vert ofte omtala som arbeidslivet sin skule og det ligg eit særleg krav til våre utdanningar om at dei skal fylle eit gitt kompetansebehov i arbeidslivet. I Lov om høgare yrkesfagleg utdanning er dette presisert. Studentane skal kunne gå ut i jobb utan meir utdanning. Arbeidslivsrelevans er satt opp som eit av fire satsingsområde i strategien til Fagskolen Vestland. Fagskolen ser at det er eit aukande behov for den kompetansen som våre kandidatar skal tileigne seg i løpet av eit studium. Dette syner både offentlege og andre kompetansebarometer.

Fagskolen Vestland har som strategi at skulen skal ha eit tett og godt samarbeid med relevant arbeidsliv. Fagskolen deltek både i kompetanseforum Vestland og dei regionale kompetansefora. I fleire år har Fagskolen satsa på etablering av såkalla Fagråd. Alle utdanningane rapporterer tilbake om tett samarbeid med aktuelt arbeidsliv, men ikkje alle er formalisert gjennom Fagråd. Namnet på kva vi kallar det har ikkje skulen vært oppteken av, men ein må kunne dokumentere jamlege møter med arbeidslivet.

Eit døme:

Praktisk landmåling på timeplanen: studentane får lære av fagfolk frå fylket.

Landmåling er eit fag med stor variasjon og høg kompleksitet. No får byggstudentane ved studiestad Nordnes lære det grunnleggjande frå fylkeskommunen sine eigne erfarne fagfolk.

Geomatikarane Christian Fink og Laurits Bertelsen jobbar til dagleg med landmåling i avdeling for infrastruktur og veg, seksjon for vegdata, i fylkeskommunen. Dei har takka ja til å undervise studentane ved byggavdelinga på Nordnes i praktisk landmåling.

Samarbeidet mellom avdeling for infrastruktur og veg og Fagskolen Vestland fungerer godt, fortel dei to geomatikarane.

– Eg vil trekke fram seksjonsleiaren min, Jan Ove Stadheim. Han har vore ein viktig pådrivar for at dette gode samarbeidet har kome i stand. Når eg og Laurits fekk førespurnad om å vise studentane litt om landmåling, var vi ikkje i tvil. Vi har jobba i mange år ute på anlegg, har kapasitet og utstyr, og synest det er eit fornuftig og positivt samarbeid. Heilt konge, rett og slett, seier Christian engasjert.

Undervisninga gir studentane innblikk i både scanning, GPS og totalstasjon, og dei får prøve utstyr frå dei to største leverandørane i bransjen: Leica og Trimble. – Eg brukar Leica, medan Laurits brukar Trimble. Det er ein del skilnadar mellom dei, og her får studentane ei innføring i begge, seier Christian.

Studentane frå 2. år bygg var djupt konsentrerte i arbeidet med måleinstrumenta, men tok seg tid til å uttrykke stor begeistring for undervisninga.

– Det er heilt supert å få opplæring av fagfolk som jobbar med dette til dagleg, konstaterer ein av studentane, før merksemda igjen vert retta mot totalstasjonen og måleinstrumenta lenger nede i vegen.

Geomatikar Laurits Bertelsen legg vekt på verdien i at studentane får styre apparata sjølve.

– Då får dei prøve seg fram og det oppstår gjerne avvik, noko som gir god nybegynnarlærdom. Dei lærer seg korleis og kvifor avvika oppstår, og kor viktig det er med ting som rett siktehøgde og prismekonstant, fortel Bertelsen.

Begge geomatikarane fortel at dei opplever undervisningsrolla som givande.

– Det har truffe noko i meg, seier Laurits. – Eg likar denne rolla, men eg blir nok ikkje lærar på fulltid med det første, ler han.

Viktig samarbeid

Utdanningsleiar for bygg ved studiestad Nordnes, Atle Østrem, understrekar kor viktig samarbeidet med fylket er for å sikre kvalitet i undervisninga.

– Lærarane ved byggavdelinga har kompetanse til å undervise i landmåling på eit grunnleggande nivå, men for å sikre god nok kvalitet treng vi fagfolk som jobbar med dette på profesjonelt nivå. Det er ikkje realistisk for Fagskulen Vestland å heile tida vere oppdatert på det nyaste utstyret, som stadig blir meir avansert og kostbart. Dette løysar vi ved at dyktige kollegaar frå fylkeskommunen hjelper oss. Dei har med seg det siste og mest moderne utstyret, og gir studentane opplæring som elles ikkje hadde vore tilgjengeleg, fortel Østrem.

– Når studentane får instruksjon frå fagfolk og får bruke avansert og moderne utstyr, tilfører det mykje energi til klassa. Kort sagt gjer det undervisninga betre og meir aktuell, seier Østrem.

Samarbeidet med avdeling for infrastruktur og veg er eitt av fleire tverrfaglege samarbeid i fylket.

– Det viser at VLFK representerer ein arbeidsmarknad for studentane, og at det kjem gode synergjar ut av slikt samarbeid. Byggavdelinga på Nordnes har til dømes også samarbeid med seksjon for kulturarv i avdeling for kultur og folkehelse knytt til handverksutdanningane i Norheimsund, avsluttar Østrem.

Dette dømet er eit av mange på korleis Fagskulen arbeidar saman med arbeidslivet om å tilføre studentane våre fersk relevant kompetanse.

Etter- og vidareutdanning - kortare utdanningar

Avdeling for etter- og vidareutdanning (EVU) vart etablert seinhausten 2024. Den tel ca. 2,5 årsverk, og samarbeider tett med bedrifter for å kartlegge kompetansebehov og utvikle målretta opplæringstilbod. Målet er klart: Fleksibel, relevant og praksisnær kompetanseheving.

2025 har på mange måtar vore eit år der avdelinga har prøvd å sette seg. Tanken er at EVU skal følge heile løpet frå det dukkar opp/blir laga eit behov for ei utdanning til studenten får vitnemål/karakterutskrift. Det har difor vore mykje nytt å sette seg inn i og bli kjent med både når det gjeld fagområde og rutinar ved Fagskulen. Avdelinga samarbeider tett med utdanningsleiarane, som er dei som har oversikt over lærarar med undertid som kan undervise, og prorektor for utdanning som er leiar for EVU.

Mange av tilboda EVU lyser ut blir finansierte gjennom ordningar som Industrifagskulen og Bransjeprogrammet, som begge er finansieringsordningar gjennom HK-dir. Her kartlegg EVU behova i næringslivet og skriv søknadar i samarbeid med

utdanningsleiarar/lærarar, og samarbeidsbedrifter (representert av begge partar i arbeidslivet).

I desember 2024 fekk Fagskulen tildelt ei rammetildeling på kr 12 994 000,- til Industrifagskulen for åra 2025-27. Det er til saman nesten 39 millionar kroner, og tilsvarer 146 studieplassar på heiltid kvart år i tre år. Desse midlane gjeld berre gjennomføring av studiar, ikkje utvikling. Modulane som vi lyser ut gjennom Industrifagskulen er enten ein del av større utdanningar eller utdanningar som først er køyrde som bransjeprogram.

I tildelinga skriv HK-dir at:

*"Søknaden oppfyller kvalitetskriteriene på en meget god måte, med svært få eller svært små forbedringspotensial. Behovet og etterspørsel for rammen kommer svært godt frem. Det som trekker betydelig ned er beskrivelsen av gjennomføringsevne og kapasitet, der det i liten grad vises til tidligere leveranser og videre forvaltning av rammetildeling 2022-2024. **Det er derimot positivt at fagskolen styrker den administrative kapasiteten ved å etablere en EVU-avdeling for oppfølging av prosjektene.** Søknaden er ellers meget godt beskrevet og begrunnet."*

Denne tilbakemeldinga gjer at det er ekstra viktig for Fagskulen Vestland å levere, slik at vi også i neste tildelingsrunde får midlar til etter- og vidareutdanning.

I byrjinga av 2025 søkte EVU på bransjemidlar og fekk innvilga fire søknadar. Tal på gjennomføringar i parentes:

Arbeidstittel	Omfang	Midlar
Målretta bruk av kunstig intelligens	kursrekke (3)	kr 1 705 012,-
Leiging på byggeplass for fagarbeidar	5 stp. (3)	kr 1 850 006,-
Solenergi, lagring og fleksibilitet	3 x10 stp, (2)	kr 5 000 000,
Teamleiging for fagarbeidarar	3x5 stp. (3)	kr 2 645 618,-
Til saman		kr 11 200 636,-

Arbeidet med å utvikle dei nye studia er godt i gang. Dette blir gjort både av pedagogisk personell ved Fagskulen og eksterne, og planen er å få lyst ut utdanningane over nyttår .

Avdelinga har mange møter med næringslivet. Både fysisk og på Teams. EVU prøver også å vere til stades der næringslivet møtest for å knyte nye kontaktar og forsterke dei vi allereie har. Blant dei store samarbeidspartane våre er Aker Stord, Fjord Base og Westcon.

Det er travelt i mange bransjar. Fleire bedrifter har ønske om å gjennomføre til dømes "Min arbeidsplass", men dei har rett og slett ikkje kapasitet til å la fleire tilsette delta på same studia samstundes, og ber oss kontakte dei igjen

Avdelinga har hatt innleiande møter med fleireaktørar for å dekke større deler av næringslivet i fylke.

EVU har også eit tett samarbeid med studiesentra i Vestland: Studiesenter Fjordane, Studiesenter Kysten, Sogn Kompetanse og HVK Studiesenter.

Fagskulen Vestland er saman med Fagskolen Viken og Fagskolen Innlandet med i ein forpilot til Industripiloten for etterutdanning av industriarbeidarar. Industripiloten eller Industriens kompetansefond er ei statleg støtta ordning som er eit resultat av frontfagoppgjøret. Det skal gi fagarbeidarar i industrien moglegheit til etter- og vidareutdanning for å styrke konkurransekrafta. Fondet er eit trepartssamarbeid mellom Fellesforbundet, Norsk Industri og staten, og midlane går hovudsakleg til lønsrefusjon slik

at tilsette i bedrifter tilslutta Norsk Industri kan ta korte utdanningar utan å tape inntekt. I samband med denne piloten lyste vi i haust ut fire korte utdanningar, finansiert av Industrifagskulen, og vil lyse ut fleire til våren.

Så langt i år har EVU lyst ut 16 korte utdanningar (inkl. dei fire i Industripiloten). To av desse kom ikkje i gang på grunn av for få søkarar, andre er heilt fulle og har ventelister. Erfaringa viser at dei studia som går best, er der det er tett samarbeid med næringslivet. I Industrifagskulen ligg det ikkje midlar til marknadsføring, så mykje er avhengig av personleg kontakt.

Dei mest populære studia vil EVU lyse ut på nytt til våren. I tillegg jobbar dei med å få i gang nye, som til dømes Autocad, BIM, Ekom og Cetop 1 og 2. EVU er i den heldige situasjonen at vi dei neste åra har mykje midlar å bruke i Industrifagskulen, som gir gratis etter- og vidareutdanning. Men for å brukt dei opp, så er EVU avhengig av eit godt samarbeid med dei ulike avdelingane ved Fagskulen som har ledig kapasitet.

Sidan Fagskulen no har sjølvakkreditering også innanfor helse, så er det eit mål å få til fleire korte utdanningar innanfor det fagområdet. Her har vi per i dag ikkje midlar, men vil prøve å finne løysingar.

Dei tekniske utdanningane har ein stor overvekt av studentar som er i jobb og tar utdanninga på deltid. Ved studiestad Førde er det berre samlingsutdanningar, ved studiestad Voss og Hjeltnes er det også berre samlingsutdanningar. Dette er ein utvikling som går raskt og som gjer at attendemeldingar frå denne studentgruppa er viktig i høve til relevans. Denne organiseringsmåta av utdanningane er gull verdt for Fagskulen Vestland. Vi får inn studentar som dagleg arbeidar innan bransjane vi utdannar til.

Arbeidsrelevans skårar totalt 3,6 i Studieundersøkinga. Studentane meiner at dei får ein kompetanse som er viktig for arbeidslivet. På dette spørsmålet er skåren i Studieundersøkinga som i fjor, på 4,1. Skåren er god og skulen samla ligg over målsettinga.

Studentane må vidare svare på følgjande påstand: «Eg får kompetanse som gjer at eg kan gå rett ut i arbeidslivet utan ytterlegare utdanning». I år ser vi at dette punktet har ein svakt negativ utvikling frå sist. Skåren ligg samla på 3,9 som er ned frå 4,1 i fjor og same som 3,9 året før. Det er ein utvikling som kan følgast over litt tid.

På spørsmålet om representantar for arbeidslivet bidrar på ein god måte i undervisning, prosjektarbeid, praksis, o.l. er skåren 3,1, som er opp frå 3,0 i fjor.

Dersom ein går inn og ser på enkeltutdanningar er det stor variasjon. På arbeidslivstilknytting varierer skåren frå 2,7 til 4,5. Det er og fleire utdanningar som har hatt ei god utvikling.

I lærarundersøkinga svarar 60 % av lærarane at dei er samd i følgjande påstand, på emnenivå: «Er pensum oppdatert og tilpassa utviklinga i samfunn og arbeidsliv?». Dette talet har ein skår på 3,8. Det er lågare enn i fjor då det var om lag 70 %, men det same 60 % som dei to åra før. Dette gjer eit overordna bilde på at arbeidslivsrelevansen er god, men med betringspotensiale.

Å svare til forventningane til studentane om at fagskulen skal gje høve til å knytte kontakt med bedrifter og auke sjansane deira på arbeidsmarknaden, har fagskulen over tid ikkje vært gode nok i. I svara frå i år ser vi at 41% av studentane er samd eller heilt samd i følgjande påstand: «Representantar for arbeidslivet bidrar på en god måte i undervisning, prosjektarbeid, praksis, ol». I 2023 hadde fagskulen ein negativ utvikling i dette: Det falt

frå 30% til 25%, men i 2024 var det opp til 45 %. Det er den samanhengen vi kan sjå dei 41 % i.

Speglar vi dette mot lærarundersøkinga så seier 43 % at dei er einig eller heilt einig i påstanden «samarbeider eg med arbeidslivet for å halde undervisninga oppdatert». Dette er ein auke frå 34% i fjor, og 37 % året før det. Utviklinga er god, men framleis er dette eit arbeid som det må haldast trykk på. 7 % svarar at dei er heilt ueinig i denne påstanden. I fjor var dette 5%, så det er ein god utvikling både på topp og botn i svara. I 2023 var det 9% som var heilt ueinig med påstanden, og 37% som var einig eller heilt einig. Det er å håpe at denne utviklinga hald fram med ei positiv utvikling. Det er viktig for relevansen.

8. Styringskvalitet

Fagskulesektoren har vore i ei omstilling over fleire år. Det har blitt gjennomført tydelege grep både i forhold til struktur, rammer, utvikling og kvalitet. Endringane i fagskulesektoren held fram med sama dei kommande åra. I mai 2025 la Regjeringa fram ein melding til Stortinget om fagskulane - [Meld. St. 11 \(2024–2025\) – Fagfolk for en ny tid](#).

Meldinga peikar på fleire viktige utviklingsområder som kjem til å prege Fagskulen Vestland i åra som kjem:

1. Fagskulane skal kunne tilby utdanningar på nivå seks og sju i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverk
2. Fagskulane skal omfattast av Europeiske studiepoengsordning (ECTS)
3. Det skal utviklast ein eigen søyle til høgare yrkesfagleg utdanning
4. Fagskulane skal få moglegheit til å verte institusjons akkreditert

Dette kjem til å krevje endringar i måten vi arbeidar på framover. Det vil bli stilt strengarar krav til sektoren om dokumentasjon, kvalitetssystem, og sektoren vil erfare at særleg administrativ kapasitet og kompetanse vert avgjerande for å følgje opp dei nasjonale ambisjonane. Det vil mellom anna verte lagt opp til jamlege tilsyn frå NOKUT si side.

Studiepoengproduksjon 2024-2025

Fagskule	2024	2025
Vestland	57 295	67 068
Viken	46 541	45 722
Innlandet	43 990	48 601
Rogaland	28 688	29 813,5

Kjelde: DBH

Tabellen synar at Fagskulen Vestland er den institusjonen som produserer flest studiepoeng, noko som igjen synar at Fagskulen Vestland har ein høg gjennomføringsgrad blant våre studentar. Utviklinga i frå 2024 er god, vi har en auke på om lag 17% i Studiepoengproduksjonen.

Dette vil gje oss ein framtidig inntektsauke. Vi ser av tabellen at også Fagskulen Innlandet har ein god vekst, mens Viken har ein negativ utvikling. Desse tala svingar nok frå år til år, men Fagskulen Vestland har dei siste åra hatt ein god utvikling og vi er størst blant dei offentlege fagskulane.

Arbeidstidsavtalar og Økonomi

Våren 2025 vart gjeldande arbeidstidsavtale med undervisningspersonell ved Fagskulen Vestland sagt opp. Fagskulen Vestland har saman med Vestland fylkeskommune forhandla om ny avtale fram til juni 2025. Partane vart ikkje einige og ein så det naudsynt å sende forhandlingane på eit nasjonalt nivå. Den 26.10.2025 vart ny avtale framforhandla mellom KS Utdanningsforbundet, NITO og TEKNA. SL valde å bryte forhandlingane. Hovudpunkta i avtalen er følgjande:

1. Komprimert årsverk (195 dagar)
2. 501 timar undervisning i 100% stilling
3. 1150 timar planfesta tid(undervisning+ fagleg ajourføring og utviklingsarbeid)
4. 10% reduksjon i undervisning for nytilsatt lærar
5. 6% reduksjon i undervisning for lærar over 60 år
6. 12.5% reduksjon i undervisning for lærar over 63 år.

Avtala gjeld frå 01.11.25 tom 31.07.2027

Inntekter

Fagskulen vestland sine inntekter kjem kvert år gjennom statsbudsjettet. Løyvinga vert gitt som driftstilskot til ordinære studieplassar, eller som driftstilskot til industrifagskole. I tillegg vert det årleg lyst ut utviklingsmidlar til mellom anna utstyr og tilskot til dei såkalla bransjeprogramma. Fagskulen konkurrerer om desse midlane både med andre fagskular og i bransjeprogramma resten av UH sektoren. Det har vore ein bevist strategi frå skulen si side at vi skal vere langt framme i desse konkurransane. I 2025 var vi den Fagskulen i landet som fekk flest midlar til utvikling og utstyr med i overkant av 13 millionar, ein auke på sju millionar frå 2024. Desse midlane bidreg godt inn i utvikling av kvalitet ved skulen. Fagskulen Vestland var også den fagskulen i landet som fekk mest pengar knytt til søknad om og utvikle og gjennomføre utdanningar innan dei såkalla bransjeprogram. Fagskulen Vestland fekk 16 millionar til dette. Igjen er dette midlar som styrkar kvaliteten på det som skulen driv med og knyt oss tettare saman med arbeidslivet på Vestland. Dette er eit resultat av at skulen allokere ressursar inn mot nye satsingsområde. Skulen har i dag omlag 85 millionar i ulike prosjektmidlar, som bidreg godt inn i drifta av skulen.

Fagskulen Vestland søkte om 160 nye studieplassar for 2025 og fekk tildelt 60 nye studieplassar. Skulen fekk ikkje nye plassar til studiet Handverksysting i Aurland, men det vart bevilga to millionar til å gjennomføre eit kull med studentar. Pengane vart løyvd i RNB våren 2025.

Internasjonalt arbeid

Internasjonalisering er ein sentral del av kvalitetsarbeidet ved Fagskulen Vestland, og er forankra i skulens strategi som eit verkemiddel for å sikre undervisning av høg kvalitet og sterk arbeidslivsrelevans. Gjennom målretta arbeid i tråd med vår eigen Mål- og tiltaksplan for internasjonalt arbeid (2024), har fagskulen styrkt si rolle som ein aktiv internasjonal aktør. Deltaking i fleire EU- og nordiske samarbeidsprosjekt har gitt fagmiljøa tilgang til ny kunnskap, metodar og nettverk som direkte bidreg til kompetanseheving og fagleg utvikling.

I det EU-finansierte samarbeidsprosjektet H2CoVE (2024-2028), som samlar over 20 partnarar frå fem land, arbeidar vi målretta med å avdekke framtidens kompetansebehov kring hydrogen, eit fagfelt i rask vekst. Prosjektet gir oss eit stort kontaktflate med sterke internasjonale fagmiljø som vil gjere oss i stand til å utvikle og tilby emnar i hydrogen av høg kvalitet. Vi er og med i et anna EU-finansiert prosjekt; Capacity Building for Battery Teachers in Vocational Education and Training (CaBatt, 2023-2025), som skal gje lærarar i høgare yrkesfagleg utdanning auka kompetanse om batteriteknologi. 10 lærarar ved Fagskulen har gjennom dei to siste åra delteke på eitt eller fleire av kursa i regi av dette prosjektet, noko som har styrkt undervisningstilbodet innan batterirelaterte emne.

FARE Green-prosjektet (2024-2027), støtta av NORA-programmet (Nordisk ministerråd), rettar seg mot grøn turisme i eit nordisk perspektiv. Med eit sterkt fokus på arbeidslivsrelevans og på sterk kopling mellom utdanning og lokalt næringsliv, gir prosjektet ein internasjonal dimensjon og gode synergjar til utvikling av utdanningstilbod innan berekraftig reiseliv.

I 2025 oppnådde Fagskulen akkreditering for Erasmus+-mobilitet for fag- og yrkesopplæring, som legg til rette for langsiktig og stabil mobilitet for både tilsette og etter kvart og studentar. For å oppnå akkreditering må ein dokumentere solide rutinar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av mobilitet, samt vise at internasjonalt samarbeid er integrert i skulens strategiske utvikling. At skulen har fått denne godkjenninga, er derfor ei anerkjenning av høg kvalitet i både administrativt arbeid og fagleg innhald, og gir tilgang til stabile og langsiktige mobilitetsordningar som vidare styrkjer kompetanseutvikling og internasjonal profil.

Dei to siste åra har om lag 40 tilsette reist på jobbskugging til utanlandske skuler, førebunde besøk til ein internasjonal partnar eller delteke på fagrelevante kurs i utlandet. Dette gir verdifull innsikt i undervisningspraksisar, teknologisk utvikling og kompetansebehov i andre land. Det gir inspirasjon til utvikling av nye utdanningstilbod og bidreg til å oppdatere eksisterande fag på ein måte som er relevant for eit arbeidsliv i endring. Alle desse aktivitetane gir oss verdifull erfaringsutveksling, det styrker vårt internasjonale nettverk og bidrar til kompetanseheving og kvalitetsutvikling ved skulen.

Nettsider og marknadsføring 2025

Lansering av nye nettsider

Dei nye nettsidene våre vart lansert 6. februar 2025. Lanseringa var ein del av arbeidet med å utnytte vår nye grafiske profil betre, samt å skape ei nettside som er tilpassa våre behov. Dei gamle sidene var basert på og utvikla for vidaregåande skular, noko som la enkelte avgrensingar for oss.

Med dei nye sidene nyttar vi eigne malar, noko som gir større fridom til å tilpasse og utvikle sidene utan å påverke VGS-sidene. Vidare har sidene blitt betre optimalisert for søkemotorar, noko som aukar moglegheita for høg rangering i søk.

Resultat frå nettsidene

Frå 1. januar 2025 vart det innført strengare reglar for bruk av informasjonskapslar på norske nettsider. Dette inneber at alle besøkande må ta stilling til om dei samtykker til innsamling av informasjonskapslar før dei får tilgang til innhaldet. Besøk utan samtykke blir ikkje registrerte i statistikk, og det gjer tala frå 2025 ikkje er direkte samanliknbare med 2024. Det er først i 2026 vi kan samanlikne brukstal på likt grunnlag.

Analysen av trafikken viser likevel at dei same trendane som tidlegare held fram, med toppar knytt til:

- Opning av Samordna opptak
- Søknadsfrist
- Slepp av restplassar
- Studiestart

Brukarane kjem frå:

- 44 % via Google
- 40 % direkte (hovedsakleg via nettadresse)
- 4 % via Bing og Facebook

Marknadsføring

Vi har gjennomført fleire mindre kampanjar og annonseinnstikk i relevante fagmagasin, blant anna:

- Maritimt magasin
- Magasinet for fagorganiserte
- NOKUT-utdanningsbilag i Aftenposten

Sosiale medier:

- Facebook, Instagram, LinkedIn, Snapchat og YouTube er aktive kanalar.

9. KPI 2025

I samband med fagskulestyret si handsaming av kvalitetsmeldinga 2023-2024 vart det vedteke 5 KPI-ar som skulle følgjast opp i 2025. Under vert desse vist og omtalt i høve oppfølginga.

1. Auke søkjartala med 10 %:

Frå opptaket i '23 til '24 auka talet på søkjarar med 7,4 %. Målet er ikkje heilt oppnådd.

2. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skår på 4,0:

Organiseringa har fått ein skår på 3,6. Det er det same som i fjor. Då låg det 0,3 under det nasjonale talet. Så det målet er ikkje heilt oppnådd.

3. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer skal ha ein skår på 4,0 i studiebarometeret:

Når det gjeld området undervisning så ligg den totale skåren for Fagskulen Vestland på 3,6, som er det same som i fjor. Då låg det 0,3 under det nasjonale talet. Området yrkesrelevans har ein skår på 3,6, så er og framleis under målsetninga om 4. Skåren i 2024 var 3,7. Det var då 0,1 under nasjonale tal. I området vurderingsformer har Fagskulen Vestland, som i fjor, oppnådd målet om ein skår på 4,0. Desse tala visar ein total skår på heile skulen. Det er noko variasjonar mellom dei ulike utdanningane. Difor er det viktig at utdanningane sjølv finn kva dei må forbetra.

4. Sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp. Dette skal ha ein minimumsskår på 4,0 i studiebarometeret:

Studentmedverknad har ein totalskår på 3,3, noko som kan bli betre. Det er ein nedgang sidan i fjor, då det var på 3,5. Det var då 0,2 under nasjonale tal. Enkeltspørsmålet korleis kritikk og synspunkt frå studentane blir følgt opp har fått ein skår på 3,2. Korleis studentane sine innspel og forslag til forbetringar blir følgt opp fekk i fjor ein skår på 3,3.

5. Auke studiepoengproduksjonen med 5 %:

Fagskulen har nådd målet med å auke studiepoengproduksjonen med 5 % med svært god margin. Produksjonen har auka med 13 % frå vår '23 til '24, og med 17 % frå vår '24 til vår '25. I 2025 auka studiepoengproduksjonen meir enn aukinga av studenttala, som var på ca. 4 %.

10. Oppsummering

Fagskulen Vestland har lagt bak seg eit godt år og det har vert jobba godt i alle ledd. Arbeidet ble krona med at skulen vant årets utdanningskvalitetspris for 2025. Økonomien ved skulen er god og vi planleggjar for fleire fysiske samlingar med alle dei tilsette i 2026. Vi har sett det som naudsynt å ha ein stram økonomistyring, og må sjå til at dette ikkje går utover naudsynt samarbeid på tvers av fagområde og studiestadar. Vi treng også å investere i meir infrastruktur kring labar og simuleringsutstyr. Slik at vi framleis vert ein attraktiv leverandør for kompetanse til det verdiskapande arbeidsliv på vestlandet.

11. Satsingsområde for 2026

Det har vert diskutert ulike område for kva som skal prioriterast for 2026. Noko av dette arbeidet må også fange dei statlege og regionale styringssignala. I 2025 blei talet på KPI redusert frå 9 til 5. Våren 2025 vart ikkje studiebarometeret gjennomført nasjonalt.

Fagskulen Vestland gjennomførte dette sjøl, men oppnådde ikkje like god svarprosent som i 2024. Då var resultata 50% mens det i 2025 vart 30%. Det betyr at verdien av svara vert vanskelegare å trekke noko ut av. HK-DIR har arbeidet med å forbetre undersøkinga og plana er at denne skal gjennomførast våren 2026. Dersom ikkje dette skjer vil Fagskulen Vestland gjennomføre underøkinga på eigahand, men vi har då ikkje oppdaterte nasjonale tal.

OKR (Objectiv Key Results):

1. Fagskulen Vestland skal auke søkjartala med 10%

- 
- 
2. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skåre over landsgjennomsnittet
 3. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformar skal ha ein skåre over landsgjennomsnittet i studiebarometeret
 4. Sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp. Dette skal ha ein skåre over landsgjennomsnittet i studiebarometeret
 5. Auke studiepoengproduksjonen med 5%

Rektor forventar at satsingsområda vert følgt opp på dei ulike utdanningane. OKR-ane vert grunnlag for «leiing og gjennomgang» og endeleg rapport til styret i desember 2026

12. Vedlegg - Tabellar frå samordna opptak

Vedlegg 1

Opptakstal 2023

Studiumnavn	Studiested	Planlagte studieplasser	Søkere	Søkere tilbud	Søkere møtt
Total		1 135	2 115	1 274	816
Psykisk helse- og rusarbeid	Bergen	30	101	36	17
Lokal matkultur	Hjeltnes	25	19	8	6
Dekksoffiser	Austevoll	30	101	44	18
Dekksoffiser	Bergen	30	209	44	29
Maskinoffiser	Bergen	30	109	46	29
Boring	Bergen	40	74	37	24
Anlegg	Voss	30	77	37	26
Automatisering	Bergen	80	196	97	56
Bygg	Bergen	30	113	51	36
Bygg	Bergen	80	146	96	52
Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Stord	30	49	33	26
Elkraft	Bergen	30	137	48	32
Elkraft	Bergen	80	242	110	75
Prosess	Bergen	80	151	89	53
Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	Bergen	40	98	48	34
Maskinteknikk	Bergen	30	70	34	17
Maskinteknikk	Bergen	40	117	52	38
Klassisk bygningshåndverk og restaurering	Bergen	20	39	22	12
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvakultur	Austevoll	30	39	24	9
Elkraft	Førde	30	93	42	29
Automatisering	Førde	30	61	27	9
Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi	Førde	15	26	12	4
BIM - tekniker	Førde	30	95	34	24
Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser	Førde	30	56	39	28

Bygg	Førde	30	51	26	18
Anlegg	Førde	30	66	39	25
Klima, energi og miljø (KEM)	Førde	30	43	21	11
Maskinteknikk	Førde	30	61	36	19
Dekksoffiser	Måløy	15	63	26	11
Maskinoffiser	Måløy	15	64	21	12
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknol	Bergen	30	78	27	6
Handverksysting – verdiskaping i mjølkeforedling	Førde	15	34	17	14
Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten	Bergen	20	60	28	17

Vedlegg 2

Opptakstal 2024

<i>Studiumnavn</i>	<i>studiested</i>	<i>Planlagte studieplasser</i>	<i>Søkere</i>	<i>Søkere kvalifisert</i>	<i>Søkere tilbud</i>	<i>Søkere tilbud ja-svar</i>	<i>Søkere møtt</i>
Total		1014	2271	1920	1276	888	813
Psykisk helse- og rusarbeid	Bergen	30	108	67	55	25	23
Arborist	Hjeltnes	16	58	29	25	18	15
Lokal matkultur	Hjeltnes	20	44	22	19	6	5
Dekksoffiser	Austevoll	30	101	80	41	20	19
Dekksoffiser	Bergen	30	211	172	48	29	26
Maskinoffiser	Bergen	30	161	135	37	30	30
Boring	Bergen	30	87	54	33	30	25
Anlegg	Voss	30	86	81	34	28	25
Automatisering	Bergen	80	212	196	121	85	82
Bygg	Bergen	30	122	104	50	31	29
Bygg	Bergen	80	168	145	106	70	57
Elkraft	Bergen	30	162	152	56	31	29
Elkraft	Bergen	80	296	286	103	83	77

Prosess	Bergen	40	143	114	63	36	33
Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	Bergen	40	110	88	51	35	33
Maskinteknikk	Bergen	30	85	67	43	27	25
Maskinteknikk	Bergen	40	140	126	56	38	33
Maskinteknikk	Stord	30	44	37	28	24	24
Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	Bergen	30	66	35	19	14	14
Vannkjemi, mikrobiologi, fiskehelse innen akvakultur	Austevoll	30	31	20	17	7	5
Elkraft	Førde	30	122	116	49	31	27
BIM - teknikker	Førde	38	112	90	51	34	29
Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser	Førde	40	89	71	56	35	34
Bygg	Førde	30	70	57	32	19	18
Anlegg	Førde	30	71	66	37	30	28
Maskinteknikk	Førde	30	65	59	43	26	26
Grønn omstilling i byggebransjen	Førde	30	39	32	18	13	9
Dekksoffiser	Måløy	15	90	76	21	17	17
Maskinoffiser	Måløy	15	74	67	20	16	16